

# **Retningslinjer for søknaden – Den kulturelle spaserstokken**

## **Formål**

Den kulturelle spaserstokken i Stryn kommune skal sikre kvalitet, nyskapning, tilgjengeleghet og/eller breidde i kulturtilbodet for eldre i Stryn kommune.

## **Økonomiske rammer**

Dei økonomiske rammene for tilskotsordninga følgjer tildeling frå Vestland fylkeskommune.

## **Tilskot til kunst- og kulturtiltak**

Søk om støtte til arrangement og prosjekt innan musikk, visuell kunst, litteratur, scenekunst, kulturarv og andre kunstformer.

## **Krav til søker**

Profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar innan alle kunstformer kan søkje Stryn kommune om midlar til kunst- og kulturtiltak for eldre. Tiltaka må gå føre seg i Stryn kommune.

## **Vilkår for tilskot**

Ved tildeling av tilskot vektlegg vi mellom anna dette:

- Tiltaket er av høg kvalitet
- Tiltaket er av nyskapande art
- Arrangementa er opne for alle i målgruppa

## **Dette gir vi ikkje tilskot til:**

- Tiltak som finn stad i innsamlingsøyemed
- Underskotsgaranti
- Tiltak som har funne stad før støtte eventuelt har blitt innvilga
- Tiltak som finn stad i andre kommunar enn Stryn kommune
- Det blir ikkje gjeve tilskot til forprosjekt, utstyr, administrasjonstiltak, investeringar, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling
- Kompetansebyggande tiltak som kan reknast som del av ordinær drift, eller som er del av formell opplærings- eller utdanningsaktivitet

## **Søknadsfrist**

Den kulturelle spaserstokken i Stryn kommune har søknadsfrist 15. februar

## **Søknaden skal innehalde følgjande:**

- Opplysninger om søkeren
- Skildring av arrangementet du søker støtte til; målgruppe, tal på arrangement, stad og dato/periode for gjennomføringa
- Opplysning om pris. Vi bruker honorarsatsar som i Den kulturelle skulesekken, ref. rammeavtale Kommunenes sentralforbund og Musikernes Fellesorganisasjon. Honorarsatsen per 01.08.2024: Oppdragstakar blir honorert med 5 913 kroner per formidlingsdag.
- Budsjett som skal innehalde alle forventa utgifter og inntekter, inkludert alle honorar

## **Behandling av søknader**

Tilskot blir gitt ut frå ei samla vurdering av arbeidsgruppa Den kulturelle spaserstokken i Stryn kommune. Ved vurderinga legg vi mellom anna vekt på kunstnarisk og fagleg nivå, og at tiltaket vil bidra til eit variert kulturtilbod for eldre i Stryn kommune. Søknadar blir svara på etter at Stryn kommune har fått svar om midlar frå Vestland fylkeskommune. Normalt vil dette vere i januar månad.

- Det blir stilt som krav at tiltak blir gjennomført i samsvar med søknaden, og kommunen skal få melding dersom det oppstår forhold som inneber endringar av dei føresetnadene som går fram av søknaden.
- Tilskotsmottakar skal ha ein dialog med kulturavdelinga om når og på kva institusjonar/kulturarenaer kulturarrangementet skal finne stad. Tilskotsmottakar kan sjølv avtale arrangementa med institusjonane/kulturarenaene.
- Krav om rapportering og rekneskap når tilbodet har utgifter utover honorar.